

Huset i bygda

Inviterar til regionssamlingar i Sogn og Fjordane

Balestrand: Kvamsøy Grendahus 2.februar kl.19.00-21.30

Program:

- 19.00 - 19.20 Om prosjektet Huset i bygda.
- 19.20 - 19.45 Kort presentasjon av deltakarane sine hus.
- 19.45 - 20.30 Gjennomgong av tilskotsordningar og tiltak. Suksesshistoriar; nokre gode døme.
- 20.30 - 21.30 Diskusjonar og open sekvens (Evt. oppgåver og søknadsskriving)



Enkel servering med kaffi og smørbrød undervegs.



Målgruppe:

Alle som er med å driftar eit organisasjonseigd kulturbygg; grendahus, samfunnshus, ungdomshus m.fl.

Kveldssamlinga er GRATIS, men vi ynskjer påmelding på førehand.

Påmelding til prosjektleiar Kristin Sandal:

E-post: husetibygda@ungdomslag.no / mob. 95285015 (sms eller tlf)

Om prosjektet

Gjennom prosjektet "Huset i bygda" skal vi løfte fram og styrke dei organisasjonseigde kulturbygga i Sogn og Fjordane. Huset i bygda skal bli styrka som sosial møtestad, som arena for utøving av kulturaktivitetar og andre aktivitetar for positiv utvikling av lokalsamfunnet.

Gjennom prosjektet vil vi gje frittstående og organisasjonstilnytte lag som eig og driv kulturbygg nye verktøy og ny glød i arbeidet med å skape moderne og framtidretta kulturbygg. Dette vil skape auka kulturaktivitet og samhold i bygdene.

I dag er det få, utanom huseigarane, som kjenner eit overordna ansvar for ungdomshusa, bygdehusa, grendehusa og andre organisasjonseigde hus i fylket. "Huset i bygda" er eit nyskapande, dristig og samfunnsbyggjande prosjekt, og vil bli eit vesentleg og nødvendig bidrag i utviklinga av eit rikare kulturliv i mange bygdesamfunn.

Sogn og Fjordane Ungdomslag i samarbeid med Norske kulturbygg står bak prosjektet som starta våren 2009.



Prosjektet er støtta av:



Kommunar i
Sogn og Fjordane

Les meir om prosjektet Huset i bygda på: www.sognogfjordane.ungdomslag.no